

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saknr
Kvam heradsstyre		
Kvam formannskap		

Avgjerd av:	Arkiv: N - 252	Arkivsaknr
Saksh.: Knut Markhus	Objekt:	16/1094 - 1

Tilskot til lokale kulturygg, spelemidlar - prioritering

Samandrag:

Kvam herad har motteke to gode søknader til ordninga med tilskot til lokale kulturygg, der fylkeskommunen fordeler spelemidlar til slike føremål. Ålvik arbeiderforening søker om kroner 88 450 til modernisering/rehabilitering av kjellarsalen i Folkets hus. Totalkostnad på prosjektet er kroner. 265 352. Strandebarm ungdomslag søker om kroner 200 000 til nytt kjøken i ungdomshuset Haugatun. Totalkostnad på prosjektet er kroner 856 174.

Ålvik arbeiderforening sökte på ordninga også i 2015 og vart innstilt som nummer 2 i Kvam herad si handsaming. Prosjektet fekk ikkje tildelt midlar i Hordaland fylkeskommune si handsaming, men ordninga oppmodar om at ein i slike tilfelle fornyar søknaden, slik Ålvik arbeiderforening no har gjort.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam herad gjer følgjande prioritering av dei to innkomne søknadene:

1. Ålvik arbeidetforening – Modernisering/rehabilitering av kjellarsal
2. Strandebarm ungdomslag – Nytt kjøken i Haugatun

Liste med vedlegg som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:

Dok.id	Tittel
511031	resultset_82_30033_resultset
511032	resultset_82_34738_resultset

Andre dokument i saka:

Saksopplysningar:

Ordninga med tilskot til lokale kulturygg skal vera med på å etablera eigna lokale, bygningar og utearena som gjev rom for ulik kulturell verksemd i Hordaland.

Lokale det vert søkt støtte til må vera planlagd ut frå definerte behov og bør vera fleksible. Kulturygg bør lokaliserast sentralt i lokalsamfunnet eller regionen. Bygningane skal i størst mogleg grad fungera som kulturelle møtestader for alle grupper.

Lokala skal vera opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

Ein kan søkja om 1/3 av total godkjend kostnad på prosjektet. Nedre grense for total, godkjend kostnadsramme er 150 000 kroner. Minste tilskotssum er då 50 000 kroner. For kulturarenaer der fleire separate kulturfunksjonar inngår, er det høve til å senda inntil tre ulike søknadar om tilskot.

Søknad går først til kommunen, som kontrollerer søknadene og sender ei politisk vedteken prioriteringsliste til fylkeskommunen. Kommunen skal vidaresenda søknadane og den politisk vedtekne prioriteringslista til fylkeskommunen innan 30. april. Kvam herad har gjort avtale med Hordaland fylkeskommune om å innan fristen senda dei innkomne søknadene og innstilling til prioritering. Den politisk vedtekne instillinga vert oversendt Hordaland fylkeskommune straks vedtaket er gjort.

Kvam herad har motteke to gode søknader til ordninga. Ålvik arbeiderforening søker om kroner 88 450 til modernisering/rehabilitering av kjellarsalen i Folkets hus. Totalkostnad på prosjektet er kroner 265 352. Strandebarm ungdomslag søker om kroner 200 000 til nytt kjøken i ungdomshuset Haugatun. Totalkostnad på prosjektet er kroner 856 174.

Ålvik arbeiderforening søkte på ordninga også i 2015 og vart innstilt som nummer 2 i Kvam herad si handsaming. Nummer 1 var Kvam herad sitt oppgraderingsprosjekt på Kvam bygdemuseum Storeteigen, som fekk tildelt kroner 400 000 i Hordaland fylkeskommune si handsaming. Ålvik arbeiderforening fekk ikkje tildelt midlar, men ordninga oppmodar om at ein i slike tilfelle fornyar søknaden, slik Ålvik arbeiderforening no har gjort.

Kvam herad gjer følgjande prioritering av dei to innkomne søknadene:

1. Ålvik arbeidetforening – Modernisering/rehabilitering av kjellarsal
2. Strandebarm ungdomslag – Nytt kjøken i Haugatun

Vurdering:

Rådmannen meiner begge dei to omsøkte prosjekta er gode og kvalifiserer til støtte under tilskotsordninga til lokale kulturygg. Ålvik arbeiderforening sitt prosjekt stod som nummer 2 på prioriteringslista i 2015. Det er naturleg at prosjektet rykkjer opp som nummer 1 no, og at Strandebarm ungdomslag sitt prosjekt står som nummer 2.

